



Hamnereglement for Lærdal båteiarlag

Vedteke av årsmøtet den 13.mars 2019

1. Formål og bakgrunn

Dette hamnereglementet er heimla i §14 i båteigarlaget sine vedtekter, som du finn på <http://laerdalbat.no/vedtekter/>

Formålet til Lærdal båteigarlag er å fremje dei interessene laget har når det gjeld bruk av fritidsbåt. Vidare skal laget arbeide for vedlikehald og kontinuerleg vidareutvikling av hamneanlegg, bygningar, utstyr og friareal knytt til hamneanlegget.

Gjennom samarbeid om å ta vare på laget sine eigneluter skal det utviklast eit godt hamnemiljø og trygge bryggeplassar.

2. Medlemsplikter og ansvar

Medlemmene har personleg og felles ansvar for å sjå til at båtar og laget sine eigneluter ikkje vert utsett for skade. Ved påført skade har skadevaldar ansvar for straks å varsle hamnesjefen og båteigar. Skadevaldar skal sjå til at skaden vert reparert, evt at det vert betalt erstatning innan rimeleg tid.

Medlemmene pliktar å rette seg etter avgjerder og tilvisingar frå hamnesjefen. Dersom eit medlem er ueinig i hamnesjefen si tilvising/avgjerd, kan medlemmet legge saka skriftleg fram for styret til endeleg avgjerd. Hamnesjefen si tilvisning/avgjerd gjeld i påvente av styret si handsaming.

Ved dårlig ver og mykje avdrift pliktar førar av innkomande båtar å forsikre som om at det er mannskap på brygga for å sikre fortøyninga, og at det ikkje oppstår skade på andre båtar eller bryggeanlegget. Ved sær s vanskelege innseilingsforhold kan den kommunale flytebrygga i Habben nyttast som mellombels kai plass til veret har betra seg.

Båtar som ligg i hamna, skal være sjødyktige. Hamnesjefen og styret kan vise bort båtar som ikkje er sjødyktige. Dersom varsel om utbetring til sjødyktig stand ikkje er utført innan rimeleg tid, har styret v/hamnesjefen rett til å fjerne båten for båteigars risiko og rekning.

Båteigar pliktar å ha tilstrekkeleg forsikring av eigen båt med dekning av skade som han/ho evt påfører andre båtar.

Oppdagar medlem/båteigar noko i hamna som kan vere, eller bli til skade, skal han/ho straks varsle hamnesjefen.

Alle medlemmene pliktar å stille på dugnad i minst 4 timar kvart år, jmf vedtektene § 5. Til vanleg vert det halde ein dugnad om våren og ein om hausten.



3. Båtplassar

Styret og hamnesjefen skal i samråd fordele ledige plassar etter søknad om medlemskap i den rekkefølge dei kjem inn.

Maksimal båtlengde skal vere 36 fot. Styret kan gi dispensasjon for større båtar når hamneanlegget vert vurdert robust nok til det.

Hamnesjefen har mynde til å be medlemmer om å flytte båten sin i hamna når forholda gjer dette nødvendig. Dette kan t.d. vere nødvendig for å ivareta tryggleiken i hamna, eller for at hamna skal kunne utnyttast betre og gi plass til fleire båtar.

Medlemmer som ikkje bruker plassen sin, kan ikkje leige eller låne den ut til andre. Medlemskap, båtplassbrukar og båteigar må vere same juridiske person.

4. Fortøyning

Det er den enkelte båteigar, og ikkje båteigarlaget, som har ansvar for at båtane er tilstrekkeleg og forsvarleg fortøyd og sikra. Som ansvarsbevisst båteigar sjekkar du gjerne også at nabobåten er forsvarleg fortøyd.

Hamnesjefen kan gi båteigar påbod om å nytte fortøyningsfjør.

Båteigar pliktar å betale dei utlegg båteigarlaget måtte få ved utbetring av fortøyning når dette viser seg nødvendig for å hindre skade på bryggeanlegg eller båtar.

For å førebygge skade på brygger og båtar skal det brukast gode fendrar tilpassa den enkelte båt.

5. Bryggene

Tillbehør til båten, f. eks. baugspyd, daviter, jolle e.l., må ikkje stikke inn over bryggene, eller vere til sjenanse for andre. For å ivareta tryggleiken til dei som ferdast på bryggene, skal tauverk, vannslangar, strømlidningar og anna ikkje ligge tilfeldig slengt utover.

6. Hamneområdet

I hamna skal det ikkje brukast høgare fart enn styrefart.

Bryggene og hamneområdet skal haldast reint og ryddig.

Det er forbode å sleppe ut olje og frostvæske. Toalett og septikktank må ikkje tømast i hamneområdet. Vask av båt ved brygge skal berre gjerast med vaskemiddel som vert brote ned i naturen.



Miljøfarleg søppel og avfall skal ikkje kastast eller tømmast i området, men leverast til godkjent mottakar. Restavfall kan kastast i søppeldunk ved naustet.

Tilhengarar, krybber, presenningar og anna utstyr skal fjernast straks etter sjøsetting.

Det er forbode å lagre utstyr i hamneområdet utan løyve frå hamnesjefen.

Parkering av bilar i hamneområdet skal skje på ein måte som ikkje hindrar annan ferdsel eller drift.

Ønskje om vinterlagring på land ved klubbhus/naust skal avtalast med hamnesjefen.

7. Ro og orden

Bråk og unødvendig støy i hamneområdet må ikkje forekomme. Det skal vere absolutt ro i hamneområdet alle dagar i tidsrommet kl. 23:00 – kl. 07:00.

8. Gjestebåtar

Hamnereglementet gjeld for gjestebåtar så langt det passar.

9. Anna

All ferdsel og opphald på bryggene og i hamneområdet skjer på eige ansvar.

Bruk av båteigarlaget sitt utstyr, t.d. opphalsvogn, båttilhengar, steamer etc., skal straks etter bruk førast opp på skjema som ligg på skrivebordet i klubbhuset.

Ved brann i båt - ring straks 110

Brot på hamnereglementet kan føre til eksklusjon av medlemsskap/båtplass, jmf §15 i vedtektene.